

INNOVASJON NORGE
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Prioriteringar i forvaltning av IBU-midlane for Vestland 2022

Vestland fylkeskommune leiar den regionale landbrukspartnarskapen i Vestland. Handlingsplan for landbruk i Vestland gir føringane for det regionale arbeidet med næringsutvikling i landbruket i vårt fylke. Når det gjeld bruken av midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane) har den regionale landbrukspartnarskapen høve til prioritere mellom produksjonar og regionar. Fylkeskommunen leiar arbeidet og formidlar dei regionale føringane til Innovasjon Norge. Fylkeskommunen har samla den regionale landbrukspartnarskapen og drøfta prioritering av midlane for 2022.

Den regionale landbrukspartnarskapen legg til grunn at Innovasjon Norge sikrar ei tenleg geografisk fordeling av prosjekt. Geografisk fordeling av prosjekt vert tema på møte for landbrukspartnarskapen april 2022. Tabellen under syner korleis den regionale landbrukspartnarskapen meiner at IBU-midlane skal fordelast mellom produksjonane.

Prioriteringar mellom produksjonar for regional ramme IBU Vestland 2022

Produksjon	Mjølkeproduksjon	Sau	Andre husdyr	Tilleggsnæring	Grønt
Prosentdel av ramma	52%	9%	11%	8%	20%

Mjølke er den berande produksjonen i Vestland fylke og står for over halvparten av verdiskapinga i landbruket. Det er viktig å støtte opp om mjølkeprodusentar i fylket og legge til rette for at dei kan møte krava som kjem i 2024 og laudriftskravet som kjem i 2034. Omlegging til lausdrift og rekruttering av nye mjølkebønder er sentralt for å halde på verdiskapinga. Saker som gjeld overgang frå bås fjøs til lausdrift bør som hovudregel prioriterast. Fylkeskommunen ynskjer å sikre rekruttering til mjølke og ber om at Innovasjon Norge legg til rette for generasjonsskifte.

I 2022 og framover vil truleg mjølkebønder som ikkje kan legge om til lausdrift vurdere å legge om til kjøt. Det er positivt om det blir lagt til rette for at dei kan gjere investering på ammeku. Dei som vil bruke gras i framtida bør få moglegheit til det.

Sau er den nest største produksjonen i Vestland. Vestland er godt eigna til sau, med gode beiter og lite rovdyr. Sauebønder i fylket har behov for investeringsmidlar for å fornye sauefjosa og vere konkurransedyktige. Dette behovet må balanserast mot marknaden og totalproduksjonen av sauekjøtt.

Gode og store nok gjødsellager med tak er sentralt for å hindre forureining. Finansieringsordningar for gjødsellager inngår i kategorien andre husdyr.

Vestland fylke har avlingar av god kvalitet og høgt volum innan frukt, bær, grønt og potet. Det er potensiale for å auke den norske marknadssiden på frukt og grønt. Det bør bli lagt til rette for auke

i lokal verdiskaping knytt til frukt, bær, potet og grønt. Auke i siderproduksjon i regionen gjer at det er behov for auke i den totale epleproduksjonen i fylket.

For å sikra større variasjon i næringsgrunnlaget på gardane må det leggst til rette for tilleggsnæringar. Dei siste åra har det vore ei stor satsing på foredling av eple, mjølk og kjøt. Denne satsinga må halde fram.

Vestland fylkeskommune arbeider for at FN sine klima- og berekraftmål blir nådd. Det er viktig for fylkeskommunen at bruken av IBU-midlane bidreg til å nå desse måla. Ny teknologi, klimasmarte løysingar og berekraft er viktig for alle landbruksproduksjonane i Vestland. IBU-midlane bør så langt det lar seg gjere legge til rette for at ny teknologi og klimasmarte løysingar vert nytta av alle landbruksproduksjonar i Vestland.

Med helsing

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift